

## **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.01.2019**

Det blir fellesmøte mellom yrkesopplæringsnemnda i Hordaland og fagopplæringsnemnda i Sogn og fjordane 04.02.2019 på Lavik. Torbjørn Mjelstad sender ut innkalling.

Signe Sætre orienterte om notat som er sendt ut. Hausten 2019 skal det oppnemnast nye prøvenemnder i alle fag saman med Sogn og fjordane. Det er i notatet mellom anna lista opp ein del kriteria for arbeid i prøvenemnd. Vil også bli tema i fellesmøtet 04.02.2019.

Fagopplæringskontoret la fram sak kor ein ber om råd i samband med at ein vurderer godkjenninga til ei opplæringsbedrift. Dette på bakgrunn av innkomne klager. Etter diskusjon kom ein fram til at Fagopplæringskontoret, i ein periode på ½ år vil ha tett oppfølging av bedrifta. Det vil bli lagt fram evaluering hausten 2019.

Torbjørn Mjelstad orienterte : Løypemelding pr. d.d. - med bakgrunn i tilsyn 2017 Fylkeskommunen sitt ansvar for godkjenning, oppfølging og rettleiing av lærebedrifter.

### **I fylkestinget i desember så blei det satt fram følgjande verbalforslag:**

**Fagopplæring** Fylkestinget ber om at Hordaland Fylkeskommune saman med opplæringskontora syt for at det vert gjennomført bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden slik at eventuelle manglar knytt til arbeidsmiljø, lønn eller opplæringsplan kan rettast opp tidleg. Dette arbeidet kan koordinerast med partane i arbeidslivet, lærlingombodet, opplæringskontora og andre aktørar som har kontakt med lærebedriftene.

Fagopplæringskontoret vil på bakgrunn av ovannemnde starte arbeid med å få satt ned ei arbeidsgruppe, det vil bli sendt ut melding til partane med spørsmål om deltaking.